

Skitur med turleiar til Ulvanoso på sundag.

21.04.2017



Vårens vakraste skitur går til Ulvanoso på sundag. Kabuso og Høgetinden i sikte. (Arkivfoto)

Kvinnherad Turlag skipar på sundag til den årelege skituren på Ulvanoso (1247 m.o.h.) Turen vert ofte kalla: Vårens vakraste skitur i Kvinnherad. Frammøte er i Tveitedalen ved Ternebu seinast kl. 09.30. Mona og Jarle Røstbø er turleiarar.

Etter samling og felles informasjon går første etappe opp lia på god skogsveg til Dyrindo. Med noko mindre snø enn vanleg, må ein truleg gå til fots den bratte lia opp på kanten før ein tek skia på. Så er det god stigning og fin tur fram til ein god mat- og drikkepause i Snøholo.

Med Kabuso i sikte går neste etappe fram mot endepunktet, Høgetinden. På toppen er det storslagen utsikt i alle retningar, men særleg mot nord og aust med Uskedalen og Musland djupt der nede.

YR.no melder om noko usikkert ver. På Kvinnherad Turlag si heimeside finn du oppdatert informasjon til ei kvar tid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein skal vera litt varsam dei siste metrane før toppen. Geitadalstind i bakgrunnen. (Arkivfoto)